

158-173 elevar ved overføring

06.03.2009



Bringedalsbygda skule - blir den lagd ned og elevane overført til Uskedalen? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hvis Bringedalsbygda skule blir overført til Uskedalen vil elevtalet i åra fram til 2015 liggja mellom 158 og 173, går det fram av materialet som skulestrukturutvalet har lagt fram som grunnlag for sine vurderinger.

- I 2009/2010 vil det samla elevtalet vera 158 fordelt med 63 på Bringedalsbygda og 95 på Uskedalen.
- I 2010/2011 aukar det til 167 med fordelinga 64/103.
- I 2011/2012 aukar det vidare til 173 med fordelinga 60/113
- I 2012/2013 held det seg på 173 med fordelinga 65/108
- I 2013/2014 går det ned til 168 med fordelinga 60/108
- I 2014/2015 aukar det til 170 med fordelinga 56/114.

I utgreininga som ligg til grunn for den konklusjon som utvalet no er i ferd med å utforma heiter det at det på kort sikt ikkje vil vera økonomiske innsparinger på å gjera endringar i skulestrukturen men at endringane på sikt vil føra til redusert driftsnivå.

Utan endringar vil ein måtta gjera omfattande investeringar i skuleanlegga utan at det vert gjort reduksjonar i driftsnivået og utan endringar i strukturen vil det vera avgrensa kva fornying ein vil få av skuleanlegga.

Med endringar i strukturen vil behovet for investeringar truleg auka, men ein vil frigjera driftsmidlar til finansiering av auka investeringskostnader.

Og med endring av strukturen vil ein i større grad ha høve til å byggja ut tidsmessige, framtidsretta skular.

Under det siste møtet i utvalet 19. mars vil ein prøva å samordna synspunktene i størst mogeleg grad, sa leiar Erling Boland (Ap) under møtet på Husnes torsdag. Men det er på det reine at i alle fall Høgre og Innbyggjarpartiet er i mot nedleggjing av skular. Det er Bringedalsbygda, Omvikdal, Ølve og Skarveland som kan bli nedlagde hvis fleirtalet vil.

Av Ola Matti Mathisen